



Kirkemusikk uke

Grytten
prestegjeld

Oktober 1995



**Hilsen fra
Ordføreren i Rauma**

Kirkemusikkukken er et positivt tiltak som fortener støtte fra alle. Med det høge nivå det er på utøverne vil dette bli en stor opplevelse for publikum.

Jeg vil både takke initiativtakeren, og ønske alle lykke til med kirkemusikkukken 1995.

Torbjørn Bruaset

Kirkemusikkuke 1996
er delvis planlagt og inkluderer
urfremføring av et nytt verk av
Henning Sommerro, en stor kor
konsert, folkemusikkonsert og
flere spennende solokonserter,
i tillegg til andre kulturinnslag.
En del arrangement blir lagt til
Voll kyrkje i forbindelse med
kirkens 100 års jubileum.

**Kirkemusikkukken
er finansiert
gjennom:**

*Kirkemusikkfondet i Grytten
H. Megårds Eftf.
Musikk på Nordsida
Måndalsmusikk
Rauma kommune
Rikskonsertene*

**arr. av
Organisten i Grytten**

*informasjon:
Tim Rishton
Kirkekontoret,
Romsdalsvn 1,
6300 Åndalsnes
tlf 712 21 237*

Program

Måndag 16. oktober

Innfjorden bedehuskapell
kl. 1930
Åndalsnes damekor
med støtte fra Måndalsmusikk

Tirsdag 17. oktober

Frisvoll skole
utstilling av barnetegninger
"kirken i Norge 1000 år"
og utdeling av premie fra
Romdsal Libris

Rødven kirke
kl. 1930
Horn og orgel konsert
ved Johan Bengtsson
og Tim Rishton

Onsdag 18. oktober

Voll kyrkje
kl. 1930
Dikt, sang og orgelmusikk
ved Torbjørn Sæter
og Tim Rishton

Fredag 20. oktober

Grytten kirke
kl. 1930
"1000 år med kirkemusikk"
ved Roar Lillebø
(komponist & dirigent)
og Ørsta sanggruppe
med støtte fra Rikskonsertene

Lørdag 21. oktober

Holm kyrkje
kl. 1930
Fløyte og orgel konsert
ved Lisbeth Søvik
og Tim Rishton
*med støtte fra Rikskonsertene og
Musikk på Nordsida*

Søndag 22. oktober

Øverdalens kapell
kl. 1100
Gudstjeneste

Kirkemusikkuke i oktober



Organist Tim Rishton er primus motor i planleggingen av årets kirkemusikkuke

Av ØYSTEIN TALBERG

Fjorårets nyskapning på musikkfronten, «kirkemusikkukken», ble såpass vellykket at initiativtaker Tim Rishton har funnet det verdt å fortsette i de samme baner. Mandag 16. oktober er det klart for første konsert av tilsammen seks. Innfjorden bedehuskapell er arena for en konsert med Åndalsnes damekor.

Så fortsetter rekken av, ikke bare konserter, men også en utstilling som er en del av arrangementet. På Frisvoll skole er det nemlig dagen etter utstilling av barnetegninger, «Kirken i Norge i 1000 år». Her skal det utdeles premier.

Samme kveld blir det så ny konsert; denne gangen i Rødven kirke. Johan Bengtson (horn) og Tim

Rishton (orgel) skal sørge for tonesettingen.

Neste kveld er det Voll kyrkje som står for tur. Torbjørn Sæther (sang) og Tim Rishton på tangenter – en spennende kombinasjon.

Fredag kommer Roar Lillebø på besøk; denne gangen til Grytten kirke. Den gode Lillebø har med seg Ørsta sanggruppe. Kvelden etter er det Holm kirke som får gleden av å åpne dørene for et forhåpentligvis konsert-hungrig publikum. Kombinasjonen Tim Rishton og Lisbeth Søvik på fløyte kan bli et spennende møte med publikum.

Kirkemusikkukken avsluttes med gudstjeneste i Øverdalens kapell – et ukelangt arrangement som har fått de beste anbefalinger fra ordfører Torbjørn Bruaset.

– Et positivt tiltak som fortjener all mulig støtte, uttaler ordføreren.

Tim Rishton har allerede startet planleggingen for et lignende arrangement i 1996. Voll kyrkje er hundre år neste år og i den forbindelse vil majoriteten av arrangementene bli lagt til den staselige kirken på Voll.

– Spennende ting på gang, opplyser Rishton og trekker blant annet en urfremføring av et nytt verk fra Henning Sommero ut av ermet. I tillegg er det snakk om en stor korkonsert, folkemusikk-konsert og flere spennende solokonserter. Vi går spennende kultur-tider i møte.

Konsertveka held fram

Av ØYSTEIN TALBERG

Kirkemusikkveka vart innleia med konsert i Innfjorden bedehuskapell mandag og heldt fram med utstilling på Frisvold skule tysdag ettermiddag og konsert i Rødven kyrkje same kveld. I går var paret Torbjørn Sæther/Tim Rishton i Voll kyrkje og framleis står det mykje spanande på programmet.

Ein konsert det vert stilt store forventningar til er morgondagens arrangement i Grytten kirke. «1000 år med kyrkjemusikk» kallar Roar Lillebø programmet. Saman med Ørsta sanggruppe skal komponisten og dirigenten bidra med musikk som spenner alt ifrå gregorianske hymner til norsk folkemusikk. Med seg har kvartetten Tim Rishton på orgel og Arne Hestholm på gitar. Ei spanande musikkoppleveling under kyrklege velvingar.

Laurdagens konsert i Holm kyrkje er heller ikkje å kimse av. Lisbeth Søvik på fløyte og Tim Rishton på orgel – ein vakker kombinasjon med musikkstykke frå kjente komponistar som Bach, Mozart med fleire.



Dalontano-kvartetten som deltek i konserten i Grytten kirke, i morgen kveld. Frå venstre Edelgard Budde, sopran, Siri Gamborg, alt, Arne Hestholm, tenor og Roar Lillebø, bass.

Konsertveka vert avslutta med gudsteneste i Øverdalens kapell søndag.

Innleiinga i Innfjorden samla 23 tilhøyrarar; eit bra antall ut frå det faktum at konserten gjekk på ein

måndag kveld. Åndalsnes damekor bidrog med eit variert repertoar. Saman med seg hadde dei initiativtakaren til denne musikkveka; Tim Rishton på orgel. Same Rishton bidrog også med solospel på både orgel og piano. Linda Volden med fløyte gjorde også sitt til at innleiinga av denne musikkveka vart svært så vellukka. Og som sagt: Det er meir i vente!

Åndalsnes Avis 19/10/95

Kirkemusikkuke for flere

RB - ANN KRISTIN FRØYSTAD

Årets kirkemusikkuke i Rauma har vært populær, dobbelt så mange har kommet til konsertene i år mot i fjor. Det er arrangør og organist Tim Rishton glad for. Fremdeles kan du få med deg konserten i Holm kirke i kveld – med Lisbeth Søvik på fløyte og Tim Rishton ved orgelet – og

Mozart og Bach på programmet.

– Fordi vi i Rauma bor så spredt, og tilbudet er tilfeldig, er det bra å ha ei uke i året da vi er ett prestegjeld som holder én musikalsk fest, sier Tim Rishton.

Kirkemusikkuka gir også anledning til et variert opplegg musikalsk.

– Denne uka har vi hatt konserter som bobler av glede, og konserter som er mer stille og meditative.

Organisten er godt fornøyd med oppmøtet etter tre konserter –

rundt 100 publikummere kom for å høre musikk i kirken. Det er dobbelt så mange som i fjor. Elever fra Frisvoll skole har også delatt i en tegnekonkurranse og tegnet motiver fra Eid og Rødven kirker. Resultatet ble stilt ut i Rødven kirke og Grytten kirke.

Til den avsluttende konserten i kveld – før gudstjenesten i Øverdalens kapell søndag – har Tim Rishton hentet fløyttist Lisbeth Søvik. Hun er fra Nittedal men har slekt i Søvik – og har spilt fløyte ved mange anledninger.

I Holm kirke kan du høre både

Andante i C-dur av Wolfgang Amadeus Mozart, hans Adagio Religioso, og Johann Sebastian Bachs Sonate nr. 5 i C-dur samt Passacaglia i c-moll. Verker av John Stanley, Albert Franz Doppler, Wilhelm Bernhard Molique og Johann Ernst er også med.

Neste år blir det et enda mer variert program på kirkemusikkuka. Henning Sommerro er bedt om å skrive et orgelverk der tonespråket har røtter i norsk folkemusikk. Det blir også en korkonsert med framføring av et stort korverk.

Kyrkjemusikkveka i Grytten prestegjeld 1995

Musikk i haustkvelen



- Eg er veldig nøgd med årets arrangement, seier primus motor og organist i Grytten prestegjeld, Tim Rishton.

Av GUNN E. AARØNES

I den kalde og regntunge haustkvelen skin kyrkja i Holm som lysa inn til ei trygg hamn. Utfrå veggane let spinkle fløytonar saman med eit forsiktig kyrkjeorgel; vakkert samstemt og harmonisert av klassiske komponistar som Mozart, Bach og Doppler. Det er kyrkjemusikkveka sin siste konsert.

Vi stig forsiktig inn i den lyse og vare kyrkja på Holm. Dei omlag 40 oppmøtte sit med forvetning i blikket og kikar opp mot prekestolen. Ei ung kvinne stig opp og blar fram notane sine. Den blanke tverrfløya vert sett for munnen og snart siv spede fløytonar opp mot hvelvinga.

Snart kjem orgeltonane etter. Lett listande, som om det må temme dei voldsomme kreftene som ligg i dette instrumentet. Fløya framme på prekestolen og orgelet på galleriet; tonane møtest midt under kyrkjekjet og fell ned på publikum som kan ta imot eit vakkert avstemt musikkstykke.

Publikum nyt dei vakre klassiske stykka framført av Lisbeth Søvik og Tim Rishton. Nokre stirrar henført i taket som for å forsøke å få auge på tonane som dansar omkring. Andre stirrar ned i golvet - konsentrert på å få med seg kvar ei liten note. Appausen er underleg når stykke etter stykke er ferdigspelt.

Publikum er så langt ifrå einsarta. Yngstejenta i benkerekene, vesle Sigrid Adina Friisvold (7) er ikkje heilt inne i klassisk musikk og teiknar i programheftet. Det er litt vanskeleg å konsentrere seg. Men teikningane hennar har fått resultatet: Sigrid vann førstepremien i kyrkjemusikkveka sin teiknekonkurranse for teikninga av ei fredsdue i Eid kyrkje.

1.pris - Asbjørnsen og Moes samlede verker i tobind: Sigrid Andine Friisvold for teikning av fredsdue i Eid kyrkje.
2.pris - kvar si stor eske far-gestifter: Hilde Nevland med teikning av prestedrakt i Eid kyrkje og Ingunn Nevland for «Eid kyrkje teikna frå sørssida».
3.pris - ei stor eske farge-stiftar: Merethe Venås for bildet «Alteret i Eid kyrkje».



Stemningsfullt i Holm kyrkje under avslutningskonserten med Lisbeth Søvik (i framkant) på fløyte og Tim Rishton ved orgelet.

Mykje god musikk på ei veke

Av GUNN E. AARØNES

Årets kyrkjemusikkveka enda med konsert i Holm kyrkje fredag kveld. Og initiativtakar Tim Rishton er svært nøgd med arrangementa som har gått føre seg over store delar av kommunen. - Eg er veldig godt nøgd. Det har vore travelt, men oppslutninga har vore god alle stadene, fortel den energiske organisten i Grytten.

Kyrkjemusikkveka starta mandag i forrige veke i Innfjorden bedehuskapel. Her stod Andalsnes damekor fram med vakker korsang, medan programmet og kunne by på fløytespel frå Linda Volden og Tim Rishton ved orgelet.

Denne kvelden var ikkje berre via eit reitt klassisk repertoar - her vart musikk av Bengt Ahlfors og Eivind Skeie/Sigvald Tveit presentert side om side med Händel, Stanley og Cesar Franck. Og konsert-general Tim Rishton tykte det var ei fin opning på den omfattande kyrkjemusikkveka:

- Eit tjuetals framøtte kosa seg tydeleg og eg er veldig nøgd. Denne konserten representerte breidda i kyrkjemusikk, meinte han.

Internasjonalt møte

Tirsdag stod Rødven kyrkje som vertskap. I denne konserten hadde engelske Rishton følgje med svense Johan Bengtsson på walldhorn. Saman med eit nasjonalromantisk program, vart det reitt internasjonal stemning i Rødven denne kvelden.

- Omlag 30 personar møtte fram; noko som er svært bra for denne vesle bygda, meinte Tim Rishton.

Meditasjon

Onsdag stod sang og dikt på plakaten. Denne gongen i Voll kyrkje. Torbjørn Sæter framførte fleire religiøse folketonar, mellom anna «I dag er nådens tid», ein tradisjonell folketone frå Alvdal. Innimellan deklamerte han dikt, medan allestadsnærverande Tim Rishton mellom anna forestod Mendelssons «Jeg takker deg Herre Gud» og J.S. Bachs' «Sonate nr.5 i C-dur».

- Ein anleis og meir meditativ konsert. Dei to føregåande konsertane var noko lysare og lettare. Men dei femti framførte sette tydeleg pris på også denne sida av kyrkjemusikken, fortel Tim Rishton.

Publikumssuksess

Grytten kyrkje husa fredag kveld Dalantano-kvartetten frå Ørsta. Eit omfattande program der ein forsøkte å presentere kyrkjemusikk gjennom 1000 år vart kanskje ein tanke pretensiøst. Men programmet, bestående av alt frå gregoriansk til moderne musikk, baude på forholdsvis korte musikkstykke og allsidig sangframføring og var heilt klart ei stor musikkoppleveling.

- Dette var nok den store publikumssukkessen, med 60 personar i benkane og stor variasjon i programmet, kommenterer Tim Rishton.

Konserten i Holm (sjå eige stykke) avslutta ei travel veke for primus motor Tim Rishton. Og han er storleg nøgd med heile konsertprogrammet.

- Det er kjekt å sjå same ansikta dukkar opp på fleire av konsertane. Det hadde eg ikkje venta, innrømmer han.

Har ikkje kosta ei krone

Finansielt er Rishton stolt av å kunne fortelje at dette ikkje har kostat raumaværingane ei einaste krone. Finansieringa har skjedd gjennom sponsorar.

- Heile budsjettet vert på rundt 7.000 kroner. Det vert finansiert gjennom Riksksertane, kommunen og lokale sponsorar. Å springe rundt for «stigge» pengar har tatt mykje tid, innrømmer han.

- Men når ein ser resultatet, er det vel verdt, legg han til.

I tillegg til å tilrettelege kyrkjemusikkveka, har Rishton innstuderet fleire nye stykke i det allereie omfattande repertoaret sitt. Kyrkjeorganisten har vore sterkt deltagande i samtlige konsertar. Og han legg ikke skjul på at det er godt det er over for denne gong.

- Mandag ska' i sove hæle da'n, fortel han med på gebrokken romsdalsk.

Har planane klar

Men han skal ikkje kvile lenge. Irvige Rishton er alt i gang med planlegginga av neste års kyrkjemusikkveke.

- Ja, då vert det urframføring av eit stykke av Henning Sommerro. Og så ser det ut til at Rauma Kammerkor vil framføre ein noko større korkonsert. Det er ikkje heilt klart enno, men bitane fell på plass om ikkje så altfor lenge. Rune Molds vor, organist i Ørskog kyrkje kjem i allefall, avslører han.



Delantano-kvartetten frå Ørsta, med Edelgard Budde, Siri Gamborg, Arne Hestholm og Roar G. Lillebø, vart den store publikumssukkessen under konserten i Grytten kirke. (Foto: Tim Rishton)